


Kløvjing.

Kløvsalen har 4 delar: ei kuven salfjøl (sveittefjøl?) på kvar side, samanhalde av 2 bøygde tverrtre (brugder?), if. Lars Reinton vart desse kalla *bygyl* i N.Gudbrandsdalen.

For å spara hesten, la dei ei pute (fylt med ragg eller bust) kalla bosse, under kvar sveittefjøl, eller oftare, eit jåfot (purkeskinn med busta inn) med eit hestklede oppå, før dei la på salen. *Brysta* (brostreima) med nakke-reim var festa til *gjølinga*, til kløvsalen, eller til bakselaen, dersom dette vart brukt, særleg i bratt terreng.

Salen vart bunde fast med *gjølinga*, som gjekk rundt hesten. Bakgjorda var festa til kløvsalen. *Kløvstaven* gjekk køyrekaren med i handa, og brukte han kvar gong det skulle lessast på eller av. Varene



Teikningar: Bjørn Horten.

vart pakka i *meisen*, som hekk i salkrokane. I staden for meis kunne dei bruke *kløvkorg* (fletta) eller *kløvbomme* (firkanta). Til slutt kunne dei bruke eit stramt tau (åbende) over ryggen (salen) mellom meisane. Dette drog lasset ut frå sida på hesten, og hindra gnaging (å åbende kløva).

Dei *køyrde* kløv, anten med taumar eller handtivil frå hugulaget. Ei tredje bør, *åbandstullen*, kunne dei finne plass åt mellom meisane. Her kunne og småborn bli plasserte.

Kjelder: Odd Gutubø, Ola Glimsdal, Guttorm Horten, Lars Reinton: Til seters. D.N.S. 1976.